

Referat frå Campusmøte, campus Førde

Dato: 13.02.2023

Tid: 09.00 – 11.00

Stad: Campus Førde, møterom Anga

Til stades:

- Monica Wammen Nortvedt (møteleiar)
- Øyvind Midtbø Berge
- Eli Nummedal
- Erik Kyrkjebø (digitalt)
- Irene Valaker
- Geir Kåre Resaland (observatør digitalt)
- Sigurd Sandvold (observatør digitalt)
- Frode Grimelid (sekretær)

Forfall:

- Anny Aasprang (sjuk)
- Studentrepresentantar (ikkje valt/meldt inn)

Sakliste:

Sak	Tittel	Ansvarleg
1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar
2/23	Orientering om og felles forståing av mandat	Møteleiar
3/23	Campusutviklingsprosjektet. Aktuelle problemstillingar for campusmøtet	Møteleiar
4/23	Møteplan 2023	Møteleiar
5/23	Eventuelt	Møteleiar

1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

- Studentrepresentantane er ikkje valde og deltok derfor ikkje i møtet. Samfunnskontakt tar kontakt med studentleiar slik at studentrepresentantar kjem på plass i god tid før neste møte. Leiar og samfunnskontakt set opp eit eige møte med studentrepresentantane for å gje ei innføring og summering av første møte.
- Innkalling og sakliste er godkjent.

2/23 Orientering om og felles forståing av mandat

Mandatet er presentert i fellesmøte 6. februar. Campusmøtet diskuterer med mål om å få ei felles forståing av mandatet.

Vedtak:

Campusmøtet Førde tar mandatet til orientering.

Dokument knytt til saka:

Vedlegg 1: [1 - Mandat for Campusmøte \(godkjent des 2022\).pdf](#)

3/23 Campusutviklingsprosjektet. Aktuelle problemstillingar for campusmøtet

Campusutviklingsprosjektet er bakgrunn for etablering av campusmøta. Både sluttrapporten for prosjektet og rapporten for campus Førde er viktige grunnlagsdokument. Campusmøtet diskuterer arbeidet framover med utgangspunkt i desse rapportane, og vel ut område/tiltak ein vil begynne med.

Frå diskusjonen:

- Å studere i Førde må bli eit medvite val som studentane tar på bakgrunn av kvalitetar ved studiestaden og fordi ein får det faglege tilbudet ein er spesielt interessert i.
- For å nå dette målet må vi fokusere på å utvikle det vi har. Det trengst ikkje nødvendigvis fleire eller andre utdanningar, men dei utdanningane vi har må utviklast med lengre og heilskaplege løp, meir forskning, internt tverrfagleg samarbeid og samarbeid med eksterne.
- Med utgangspunkt i rapporten prosjekt campusutvikling, eksisterande studietilbod i Førde, eit stort behov for både sjukepleiarar (Helsepersonellkommisjonen) og ingeniørar, og ikkje minst samspelet mellom dei to, meiner campusmøte ved campus Førde at feltet helseteknologi er eit viktig satsingsområde på tvers av fakultet.
- Forslag til tiltak som kan styrke denne helseteknologiprofilen:
 - Fleire kan ta del i forskingssamarbeid med Helse Førde. Det finst mykje data som ikkje blir forska på. Det trengst både støtteapparat og statistikarar utover reint helsefagleg forskarkompetanse.

- Ei større tverrfagleg satsing på helseteknologi i samarbeid med næringsliv, kommune og/eller sjukehus, gjerne finansiert av Sparebankstiftinga.
- Posisjonere campus Førde med tanke på stipendiatstillingar i samband med eit mogleg strategisk universitetsprogram for digital helse. Campus Førde har smådriftsfordelar og infrastruktur som er godt eigna i ein utviklingsfase.
- Robotikkfestival med helsefokus.
- Infrastruktur tilrettelagt for treffpunkt og samarbeid. FIN jobbar med å gjere utstyr tilgjengeleg i klasserom.
- Campusmøtet meiner også det er viktig at dei tilsette ved campus Førde har ei felles forteljing om kva som er våre styrkar og svakheiter, og kvar vi skal. Campusmøtet meiner derfor ein treng nokre møtepunkt og verkstader for å skape denne felles identiteten.
- Andre innspel knytt til rekruttering:
 - Framheve Førde sin unikt gode tilgang på infrastruktur.
 - Starte opp att med semesterpakkar for internasjonale studentar.

Vedtak:

- Det blir utnemnt éin person frå FHS og éin frå FIN. Desse skal saman med samfunnskontakten føreslå eit program for eit fellesmøte ved campus Førde. Forslaget blir sendt til og diskutert av campusmøte sine medlemmar på e-post. Tema for møtet skal vere merkevarebygging og helseteknologi, for å bygge opp under diskusjonen i neste campusmøte.
- Neste campusmøte har helseteknologi som overskrift. Møtet ser på kva vi allereie er gode på og må utvikle vidare, og kva meir som trengst for å bygge opp under ei slik satsing.

Dokument knytt til saka:

Vedlegg 1: [campusutvikling-campus-forde-rapport-fra-arbeidsgruppe.pdf](#)

Vedlegg 2: [Sluttrapport Prosjekt campusutvikling versjon styrebehandling.PDF](#)

4/23 Møteplan 2023

Det skal vere tre møte i året, to i vårsemesteret og eitt i haustsemesteret.

Framlegg til tidspunkt for dei to neste møta:

Torsdag 11.5 kl. 13.30-15.30

Tysdag 17. oktober kl. 09-11

Framlegg til vedtak:

Campusmøte Førde har desse møtedatoane i 2023: 13.2.23, 11.5.23 og 17.10.23

5/23 Eventuelt

Oppfølging:

	Sak	Oppfølging	Ansvarleg
1	1/23	Gjennomføre eit eige møte med studentrepresentantar	Nortvedt / Samfunnskontakt
2	3/23	Utnemne éin person frå FIN og éin frå FHS til å førebu fellesmøte i Førde.	Nortvedt/Berge
3	3/23	Planlegge og gjennomføre fellesmøte.	Samfunnskontakt med personar frå punkt 2
4	3/23	Førebu innspel til tema helseteknologi i neste campusmøte	Alle medlemmar i campusmøte